



DEN NORSKE KYRKJA

Etnedal kyrkjelege fellesråd

Etnedal kyrkjelege fellesråd
Kyrkjevegen 26
2890 ETNEDAL
E-post: post.etnedal@kyrkja.no

Etnedal, den 24. april 2024

Statsforvaltaren for Vestfold og Telemark
Postboks 2076
3103 Tønsberg
E-post: sfvtpost@statsforvalteren.no / innlevering@sosigravplass.no

SØKNAD OM GODKJENNING AV NAMNA MINNELUND VED BRUFLAT KYRKJEGARD

Namna minnelund er eit ynskja supplement til kyrkjegarden på Bruflat. Bruflat sokn som eigar av kyrkjegarden og Etnedal kyrkjelege fellesråd som gravplassmyndigheit har arbeid saman om prosjektet. Fleire har take kontakt med kyrkjekontoret om å få på plass tilbodet, og prosjektarbeidet for namna minnelund ved Bruflat kyrkjegard starta seint i 2022. Etnedal kyrkjelege fellesråd leigde inn landskapsarkitekt Marianne Laa (Asplan Viak) som har utarbeida søknadsgrunnlaget i prosjektet.

Den 28. november 2023 vart prosjektet godkjend av fellesrådet og søknad skulle fremmast til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark innan 31.12.23. Søknadsprosessen har vorte litt forsinka, det grunna utarbeiding av nye gravplassvedtekter. No fremmar me søknaden og håper på eit positivt svar. Gravplassvedtekter for kyrkjegardane i Etnedal sendes til godkjenning hjå dykk så snart høyringsfristen er ute.

Den namna minnelund skal ligge i det som tidlegare heitte gravfelt D. I dei nye teikningane vil dette gravfeltet innehalde: 198 graver i den namna minnelund, 56 graver i anonym minnelund og 24 urnegraver med eigne minnesmerke (med plass for 4 urner i kvar). I praksis utgjer det 350 einskildgraver. Konseptet for den namna minnelunden er i hovudsak basert på materialar som alt finst på Bruflat kyrkjegard som tre, skiferbelegg og grusgangar.

Dersom de treng meir informasjon eller noko manglar i søknaden kan de ta kontakt på telefon: 61 12 13 23 eller e-post: mb836@kyrkja.no

Med venleg helsing

Marie Bjørnødegård
Kyrkjeverje i Etnedal



DEN NORSKE KYRKJA

Etnedal kyrkjelege fellesråd

Vedlegg til søknad:

Prosjektskildring og tekning:

1. Notat – namna minnelund- Bruflat kyrkjegard
2. Teikningshefte – namna minnelund – Bruflat kyrkjegard

Gravkart i SOSI- standard:

3. GP46-Gravplass-20220101.txt
4. GP46-Gravplass-20220101.sos

Vedtak frå gravplassmyndigheita:

5. Møteprotokoll frå møte i Etnedal kyrkjelege fellesråd 28.11.2024

Gravplassvedtekter

6. Gjeldande vedtekter
7. Møteprotokoll frå møte i Etnedal kyrkjelege fellesråd 24.04.2024
8. Forslag til nye gravplassvedtekter – ute til høyring- sendast til godkjenning etter høyring